

Til Kunnskapsdepartementet

Oslo, 15. juni 2023

### **Innspel til profesjonsmeldinga frå Noregs Mållag**

Noregs Mållag vil gjerne kome med innspel til profesjonsmeldinga. Mållaget arbeider for ei meir reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål. Språkansvaret er sektorovergripande og gjeld for alle fagfelt og område. I føremålet til språklova blir det slått fast at det offentlege har eit ansvar for å fremje nynorsk, sidan det er det minst brukte av skriftspråka våre. Vi legg til grunn at dette gir eit ansvar i arbeidet med ei stortingsmelding. Ein må vurdere korleis ein innanfor dette området kan gjere tiltak som styrkjer nynorsk. Det vil vi kome med innspel til. Spesielt lærar-, lektor og barnehagelærerutdanninga er viktig profesjonsutdanningar for status, situasjon og høva til nynorsk. Vi tek utgangspunkt i spørsmål 1, 2, og 8 frå grunnlaget til innspelsrunden.

#### **Utfordring 1: Nynorsk i lærarutdanningane**

Låg nynorskkompetanse blant lærarar er eitt av dei største trugsmåla mot nynorsken i skulen og ein av grunnane til språkskifte, særleg i randsonene. Ved dei ulike utdanningsinstitusjonane er det svært ulik praksis for i kva grad ein gir studentane opplæring i nynorsk, også korleis ein bruker nynorsk i ein profesjonssamanheng. Det finst ikkje eit system for å sikre at lærarutdanningane gjer framtidige lærarar, uansett kva fag, kompetente til å undervise på og i nynorsk som hovudmål.

Resultatet er at dette går ut over elevane. For sidemålelevane er resultatet at dei kanskje aldri blir trygge i sidemålet sitt. Dei får aldri tilfredsstillande kompetanse i begge skriftspråka, og torer ikkje bruke sidemålet vidare i livet. For elevane med nynorsk som hovudmål, kan låg nynorskkompetanse hjå lærarar gjere at dei aldri blir så trygge i hovudmålet sitt som bokmålelevane blir. Nynorskelevar står allereie i ein situasjon der dei møter hovudmålet mindre og les veldig mykje på sidemålet sitt frå tidleg alder. Dei har eit ekstra behov for trygge, kompetente lærarar i hovudmålet. Det er til slutt skuleeigar som står ansvarleg for at det blir tilsett kompetente lærarar og undervisningspersonell, men i ein situasjon der nynorskområda, som ofte er rurale område, har lærarmangel, er det vanskeleg å sikre sterk nynorskkompetanse hjå tilsette så lenge ikkje utdanningane tek det ansvaret.

#### **Utfordring 2: Fagspråk på nynorsk og bokmål**

Dei norske profesjonsutdanningane står i ei særstilling gjennom at dei nettopp er *norske* profesjonsutdanningar. Dette er utdanningar som skal utdanne folk til først og fremst å arbeide i eit norsk arbeidsliv og med norske forhold. Det gir eit særeige språkansvar. Norsk fagspråk står i ein kamp mot engelsk og treng konkrete tiltak for å snu situasjonen. Mange av profesjonsutdanningane har vore medvitne om språkansvaret ofte med grunnlag i at dei er norske profesjonsutdanningar. Det er såleis viktig at ein går inn i framtida med eit tydeleg mål om å utvikle og vedlikehalde det norske fagspråket. Profesjonsutdanningane kan også fungere som eksempel og kompetanse i arbeidet med norsk fagspråk. Her har ein også grunnlaget til å gjere godt arbeid for nynorsk fagspråk. Altså kan profesjonsutdanningane vere ein del av løysinga når akademia skal snu engelskdominansen.

### Løysingar

Ein treng eit større løft for nynorsk i lærarutdanningane. Noregs Mållag ønskjer at det skal kome fram på vitnemålet kva nynorskkompetanse kandidaten har. Det bør gjennomførast nasjonale deleksamenar for å sikre dette. Lærarstudentar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i den vidaregåande skulen, skal ikkje få fritak i lærarutdanningane. Det må vere pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i både nynorsk og bokmål. Lærar- og lektorstudentane som skal undervise i norsk, må få opplæring i nynorskdidaktikk. Det må også finnast betre tilbod om etterutdanning i nynorsk. Utdanningane må leggje grunnlaget for at lærarstudentane går ut av utdanningane med gode haldningar til nynorsk. Slik møter ein utfordringane med at nynorskkompetansen er for låg blant lærarar.

### Rammeplanane

Mållaget meiner at rammeplanane for lærarutdanningane er avgjerande for kva undervisning og tiltak som blir gjennomført ved institusjonane. Det er difor viktig at rammeplanane set klare krav. Den faglege fridomen til institusjonane må ikkje vege tyngre enn kravet om at lærarutdanningane skal sikre lik kompetanse uansett kvar ein har studert. Gode vilkår for nynorsk viser seg stadig å vere sterkt avhengig av klar styring. Utan ein rammeplan som stiller krav til kva nynorskkompetanse studentane skal gå ut av utdanningane med, vil resultatet mest truleg bli at nynorsk vert sett til sides. All forskning som er gjort på feltet, viser at formuleringane som er i rammeplanane er sentrale for nynorskopplæringane.

venleg helsing  
Noregs Mållag